



Notat

Dato: 13.07.2016
Arkivsak: 2016/3740-7
Saksbehandlar: solsond

Til: Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Spørsmål frå Fylkesutvalet om revisjon av småkraftplanen og oversikt over småkraftanlegg

Bakgrunn:

Fylkesutvalet kom 23.06.2016 i samband med handsaming av sak 2016/3740 desse spørsmåla:

1. «Fylkesutvalet ber om ei total oversikt over småkraftanlegg i Hordaland.
2. Fylkesutvalet ber om at rullering av småkraftplanen vert fremja snarast råd.»

Svar spørsmål 1: Oversikt over alle småkraftanlegg i Hordaland

Små kraftverk er ein felles nemning på vasskraftverk som er mindre enn 10 MW. Småkraftanlegg er mikrokraftverk (mindre enn 0,1 MW), minikraftverk (0,1 – 1,0 MW) og småkraftverk (1-10 MW). Oversikt over alle småkraftanlegg i Hordaland (og Noreg) ligg på nettsidene til Norges vassdrags- og energidirektorat, NVE-atlas <http://gis3.nve.no/link/?link=vannkraft> . Kwart anlegg er klikkbart med informasjon og status for det aktuelle småkraftanlegget.

Totalt er 555 konsesjonssaker knyt til energiutbygging samt tiltak i vann og vassdrag ferdig handsama, på høyring eller under handsaming. Status for alle disse 555 konsesjonssakane ligg vedlagt som ein Exel-fil.

Vedlegg: Exelfil; konsesjonar i Hordaland

Svar spørsmål 2: Fylkesutvalet ber om at rullering av småkraftplanen vert fremja snarast råd

Regional planstrategi 2016-2020 er nå på høyring. Spørsmålet om rullering av småkraftplanen og tidsplan bør handsamast i regional planstrategi som samordnar fylkeskommunen sitt planarbeid. Tilråding om endeleg planstrategi skal handsamast i alle fagutvala før slutthandsaming i fylkestinget i desember. Det er ikkje ønskelig å starte nytt arbeid med regionale planar før regional planstrategi for 2016-2020 er vedtatt.